

# Bygging av små kraftverk - sakshandsaming

*Før bygging av eit kraftverk tek til, må utbyggjar ha fått vurdert om tiltaket treng konsejon (løyve) etter vassressurslova. Hovedregelen er at ei utbygging treng konsesjon dersom den kan vere til nemnande skade eller ulempe for nokon allmenne interesser i vassdraget. Dette må vurderast individuelt. Dersom det er klart at tiltaket må ha konsesjon, må søknad om slik konsesjon sendast NVE. Dersom dette ikkje er klart, må tiltakshavar sende melding til NVE, med tilstrekkelege opplysningar til å vurdere konsesjonsplikta.*

## Kva er mikro-, mini- og småkraftverk?

Mikrokraftverk er kraftverk med installasjon mindre enn 100 kW. Mini-kraftverk har installasjon frå 100 kW til 1000 kW, medan kraftverk med installasjon mellom 1000 kW og 10000 kW vert kalla småkraftverk. Med tanke på konsesjonsplikt har desse grensene ikkje noko å seie.

## Ei rekke lover og forskrifter å ta omsyn til

Dei som skal bygge kraftverk, vil kome i kontakt med ei rekke lover og forskrifter som skal sikre at det vert teke omsyn til aktuelle allmenne

interesser. Det dreiar seg mellom anna om lov om vassdrag og grunnvatn av 24. november 2000 (vassressurslova), lakse- og innlandsfisklova, plan- og bygningslova og energilova. Desse offentlege tilhøva må vere avklara før bygging tek til.

Før melding eller søknad om konsejon for kraftutbygging vert sendt til NVE, må utbyggjar også ha avklara dei privatrettslege tilhøva. Desse går mellom anna ut på tiltakshavar sin rett til å nytte vatnet og det vassfallet som er tenkt utbygd, eller om utbygginga kan ha verknader for andre sine rettar. Dette er tilhøve som må avklaast mellom partane og som utbyggjar sjølv har ansvar for.



Kraftstasjonen på Søreide, Breimsvassdraget, med villmarkspanel og torvtak.

## **Alminneleg lågvassføring**

Alminneleg lågvassføring er ein hydrologisk berekna verdi. (Dersom det skulle vera ønskjeleg å veta meir om metoden, sjå Stortingsproposisjon nr. 39 (1998-99)).

Alle prosjekt i elvar eller bekkar med årssikker vassføring som vil ta i bruk alminneleg lågvassføring, vil vere konsesjonspliktig, jf. § 10 i vassressurslova. Årssikker vassføring er i denne samanhengen: vassføring som ved middeltemperatur over frysepunktet ikkje tørkar ut av naturlege årsaker oftare enn kvart tiande år i gjennomsnitt.

I ei konsesjonshandsaming vil det kunne fastsettjast ei minstevassføring, som kan vere lågare, lik eller høgare enn alminneleg lågvassføring, etter ei avveging som tek omsyn til plante- og dyreliv, vassforsyning, friluftsliv, fisk, fiske osb. Det vil i praksis seie alle relevante konkurrerande brukarinteresser.

## **Kva er vurdering av konsesjonsplikt?**

Dersom det ikkje er klart at prosjektet er konsesjonspliktig, må utbyggjar ha fått vurdert konsesjonsplikta etter vassressurslova. Styresmaktene skal mellom anna vurdere om og i kva grad allmenne interesser vert eller kan verte skada av tiltaket.

Det enkelte prosjekt må vurderast individuelt ut frå skadeverknadene om det er naudsynt med løyve etter § 8 i vassressurslova, jf. § 18. Det er NVE som gjer denne vurderinga og fattar vedtak, i samråd med fylkesmannen si miljøvernavdeling.

Allmenne interesser er i første rekke knytt til natur og miljø, men òg interesser knytte til kulturminner, landbruk og friluftsliv.

Oppdemming/senkning av vasstanden og overføringar mellom vassdrag eller greiner av vassdrag er tiltak som normalt utløyser krav om konsesjon.



**Kraftstasjonen på Gjerland, i sideelv til Gaulavassdraget, er lagd godt inn i terrenget og den har fått ein enkel arkitektur som harmonerer med bruken av bygget.**

## **I verna vassdrag skal dei allmenne interessene veie tyngre**

Stortinget har vedteke at det ikkje skal gjevast konsesjon etter vassdragslovjevinga til å byggje kraftverk i verna vassdrag. Berre dersom skadeverknadene for allmenne interesser er så små at det ikkje er naudsynt med løyve, kan dei byggjast.

Vurdering av konsesjonsplikta i verna vassdrag skal handsamast etter same rutinar som andre kraftverk, men dei allmenne interessene skal veie tyngre.

## **Sakshandsaminga ved vurdering av konsesjonsplikt**

■ Søkjær skal gjere skriftleg greie for planane og sende dei i tre eksemplar til NVE sitt regionkontor.

■ NVE ber fylkesmannen om å gjere ei vurdering av planane.

■ NVE avgjer mellom anna på bakgrunn av fylkesmannen si vurdering, om kraftverket vil trenge løyve etter vassressurslova. NVE vurderer samstundes tilhovet til andre lover.

For å forenkle sakshandsaminga og sikre at vassdragsstyresmaktene får dei naudsynte opplysningane, er det utarbeidd eit skjema som syner kva for data som er naudsynt for å vurdere konsesjonsplikta.

Dersom NVE vedtek at utbyggja ikkje treng konsesjon, vert saka handsama vidare som ei vanleg byggjesak i kommunen. Bygging av små kraftverk krev normalt dispensasjon frå arealkrava i kommuneplanen dersom kraftverket er tilknytt elnettet og ikkje all krafta går til privat bruk. Det må reknast med noko tid frå planar er mottekne til NVE si vurdering ligg føre. Grunnen er mellom anna at det ofte vil vere naudsynt for sakshandsaminga å synfare utbyggingsstaden. Synfaring må gjerast på bar mark.

Dersom NVE konkluderer med at det er naudsynt med konsesjonshandsaming etter vassressurslova, skal søknad sendast NVE.



**Inntaksarrangementet for minikraftverket på Grøneng i Gaulavassdraget**



Minikraftverk i Ullensvang: Kraftstasjonbygga i tre og stein har fått ei god utforming.

## Sakshandsaming av søknad

Dersom det er klart at utbygginga er konsesjonspliktig, kan utkast til søknad sendast direkte til NVE utan førehandsvurdering av konsesjonsplikta. NVE vil kontrollere at søknaden inneholder dei naudsynte opplysningane før endeleg søknad vert sendt i så mange eksemplar som NVE treng.

NVE kan gje konsesjon etter vass-

ressurslova § 8 for kraftverk med installert effekt under 5 000 kW. Søknaden vert kunngjort i lokal presse, lagt ut til offentleg gjennomsyn og sendt på høyring til mellom anna kommunene, fylkesmannen og fylkeskommunen. Som regel vil NVE òg synføre området. For andre kraftverk gjev NVE ei innstilling til Olje- og energidepartementet, og endeleg vedtak vert fatta av regjeringa. Høyringa i desse sakene er meir omfattande og sakshandsamingstida monaleg lenger.

## Samla plan (SP)

NVE har òg eit ansvar for at energiresursane vert nytta på ein måte som er riktig for samfunnet. Det gjeld så vel for mikro-, mini- og småkraftverk som for større prosjekt. Kraftressursane i landet er kartlagde som enkeltprosjekt i Samla plan for vassdrag (SP). Dette er ei plan som er meint å bidra til kraftforsyninga i framtida. I ei konsesjonshandsaming vil derfor omsynet til SP og ressursutnyttinga verte tillagt vekt. Utbyggingsar over 1000 kW eller 5 GWh må plasserast i SP før det

kan søkjast om konsesjon for desse.

## Anlegg bygd utan naud-synt løyve

Eit kraftverk skal ikkje byggjast utan at NVE har vurdert konsesjonsplikta. Er det likevel skjedd, skal utbygginga vurderast og eventuelt konsesjonshandsamast i ettertid. Då kan utbyggjaren verte pålagt å endre utbygginga eller å rive anlegget. Det siste er særleg aktuelt i verna vassdrag.

## Dei elektriske anlegga

Dersom kraftverket skal innehalde sterkstraumskomponentar (installasjonar med spenning over 1000 volt vekselstraum/1500 volt likestraum) er det naudsynt med anleggskonsesjon etter energilova. Slik konsesjon kan berre gjevest til nokon som har sterkstraumskompetanse. Dersom søker ikkje har slik kompetanse, må det ligge føre ei avtale med nokon som har det om bygging og drift av den elektriske delen av kraftverket. Lokale kraftselskap har konsesjon for å levere straum i sitt forsyningsområde



Røygate som er forankra på betongfundament, minikraftverket i Ullensvang

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) er et direktorat under Olje- og energidepartementet med ansvar for å forvalte landets vann- og energiressurser.

NVE skal sikre en helhetlig og miljøvennlig forvaltning av vassdragene, fremme en effektiv kraftomsetning og kostnads-effektive energisystemer og bidra til en effektiv energibruk.

NVE har en sentral rolle i beredskapen mot flom og vassdragsulykker og leder den nasjonale kraftforsyningsberedskapen.

NVE er engasjert i FoU og internasjonalt samarbeid innen sine fagområder. NVE er nasjonal faginstitusjon for hydrologi.

Informasjon fra  
Norges vassdrags-  
og energidirektorat

Fakta-ark nr. 7 2002

(områdekonsesjon). Denne konsesjonen gjeld ikkje for produksjon av kraft. Dersom det lokale kraftselskapet skal vere driftsansvarleg, må dette derfor søkje NVE om anleggskonsejon.

## Avtale om sal av kraft

NVE har bede energiverka krevje dokumentasjon på at dei formelle sidene ved bygging av kraftverka er i orden før dei inngår avtale om kjøp av kraft og/eller nettleige.

## Meir informasjon

Vegleiarar er lagt ut på NVE sine intenetsider. Velg "konsesjoner - vassdragskonsesjoner - veiledere".

NVE-veileder 1/98 Del X i omhandlar særskilt mikro- og minikraftverk. KTV-Notat nr. 13/2002 omhandlar vassressurslova sine reglar om konsejonsplikt og søknadshandsaming.



Mikrokraftverk på Hestad, i eit sidevassdrag til Gularvassdraget: Kraftstasjonen er eit lite bygg som er plassert i tunet bak dei andre husa.

# Fakta

## Norges vassdrags- og energidirektorat

### Hovedkontor

Middelthunsgt. 29  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 Oslo  
Telefon: 22 95 95 95  
Telefaks: 22 95 90 00  
Internettadresse: [www.nve.no](http://www.nve.no)

### Regionkontor

#### NVE-Region Nord

(dekker Nordland nord for Saltfjellet (inkl. Rødøy kommune), Troms, Finnmark og Svalbard:  
Kongensgate 14–18, Pb.394,  
8505 Narvik, Tlf: 76 92 33 50

#### NVE-Region Midt-Norge

(dekker Nordmøre, Sør-Trøndelag, Nord-Trøndelag og Helgeland):  
Trekanten, Vestre Rosten 81,  
7075 Tiller. Tlf: 72 89 65 50

#### NVE-Region Vest

(dekker Hordaland, Sogn og Fjordane, Sunnmøre og Romsdal):  
Naustdalsv.1B, Pb. 53, 6801 Førde.  
Tlf. 57 83 36 50

#### NVE-Region Sør

(dekker Buskerud, Vestfold, Telemark, Aust-Agder, Vest-Agder og Rogaland):  
Anton Jenssens gt.5,  
Pb. 2124, 3103 Tønsberg.  
Tlf. 33 37 23 00

#### NVE-Region Øst

(dekker Østfold, Oslo, Akershus, Hedmark og Oppland):  
Pb. 4223, 2307 Hamar.  
Tlf: 62 53 63 50

Ansvarlig: Informasjonsdirektør  
Sverre Sivertsen

Fagansvarlig: Jens Petter Taasen

Foto: NVE